



SparebankenVest

NORDFJORD



Stryn Fotball ønskjer velkommen til



NorDrikk

NORDFJORD



- FOTBALLCUP

14. & 15. AUGUST 2010

STRYN



2 x 20 min kampar!

Gutar og jenter 11 & 12 år – 7er

Gutar og jenter 13/14 år – 11er

NORDFJORD

TENDEN CONTAINER
OG GJERVNING AS

Olov
Tenden
Transport

Bt BYGGtorget
STRYN TRELAST

BM BYGGMAKKER
Sølvberg

DOORIA®
Skandinaviske dører

expert

Sværeberg

BUNNPRIS

FluorLux®

HAGEN

KAPETERIA
KAFETERIA

PRETRE

KJØP & LIV

Skanska & Målaier AS
Kring representativt byggverk

STENEN

FJORDINGEN

STRYVO

Velkommen til Nordfjord Fotballcup

Stryn Fotball har for første gong glede av å ynske velkomen til Nordfjord Fotballcup. Nordfjord Fotballcup har vore på tankestadiet i

mange år, og no endeleg er tida inne for å realisere planane om vår eigen fotballcup. Tidspunktet er heilt perfekt i forhold til at Stryn Turn og Idrettslag no får realisert planane om ny kunstgrasbane.

Nordfjord Fotballcup har sett seg som mål å vere ein fotballcup med kvalitet i alle ledd. Det betyr i praksis at du som deltar på Nordfjord Fotballcup skal oppleve;

- 1) Sportsleg kvalitet**
- 2) God informasjon og kommunikasjon**
- 3) God service**
- 4) Gode opplevelingar både sosialt og sportsleg**

Nordfjord Fotballcup legg i år opp til at turneringa går over ein dag for dei ulike klassane, laurdag 14.august for aldersklassane 11/12 år, og søndag 15.august for aldersklassane 13/14 år. Det har vore eit bevisst val for oss å starte i det små og gradvis bygge ut turneringa med grunnlag i erfaringar vi gjer oss dette første året. Planane ligg difor klare i forhold til at turneringa neste år vil gå over to dagar med opplegg for overnatting, sosiale aktivitetar og matservering for overnattande lag.

Vårt ynske som arrangør er at du som deltar på Nordfjord Fotballcup får oppleve Stryn som ein god plass å vere, og ein stad du ynsker å kome tilbake til. Gode minner er noko ein har med seg heile livet. Vi ynsker at Stryn og Nordfjord Fotballcup skal gje dykk minner for livet.

Velkomne til glade fotballdagar i Stryn!

Turneringsleiar Evi Mariann Rossetvik

Kjære fotball jenter og fotballgutar

Det er ei stor glede for oss i Stryn Fotball at nettopp du og ditt lag er komne til Stryn i kanskje den flottaste sommarmånaden på Vestlandet. Stryn er ei fotballinteressert bygd, og Stryn Fotball er ein klubb med ein stolt fotballtradisjon. Ikkje minst har klubben fostra mange fotballspelarar til Noreg sitt landslag. Derfor set heile bygda pris på at Stryn stadion er full av flott idrettsungdom i høve Nordfjord Fotballcup. Om du kjem frå Nordfjord, Sogn, Møre eller andre stadar, vonar vi du opplever fotballen som ein flott aktivitet i det daglege. Du sjølv bestemmer kor mykje du vil satse, om du er nøgd med å trenere ein gong i veka eller om landslaget lokkar i det fjerne... Stryn Fotball har eit tilbod til alle uansett kor langt ein vil nå! Klubben er stolt av sine dyktige og engasjerte trenarar, og vår nye, flotte kunstgrasbane. Vi vonar du set pris på den, du også!

Svært mange har arbeidd mykje for at du skal oppleve ein super dag med mykje fotball, latter, god mat og ikkje minst - sosialt samvær. Vi i Stryn Fotball er opptekne av at spelereglane skal følgjast både på og utanfor bana. Heldigvis veit vi at også du er oppteken av Fair play - at vi skal syne respekt for kvarandre i kvardagen. Fotballstadion skal vere ein stad der alle kjenner seg velkomne, uavhengig av kven vi er, så lenge vi oppfører oss respektfullt mot andre. Vi vaksne har eit særskilt ansvar, men alle born og unge må også syne god idrettsånd i praksis .

Til slutt ei takk til våre sponsorar som gjennom si støtte bidreg til at denne cupen innan få år skal bli blant dei beste cupane i Noreg! I denne samanheng vil vi gje ei ekstra takk til Nordfjord, ein avgjerande støttespelar for klubben sitt arbeid for barn og unge

På vegne av styret i Stryn Fotball: ver velkommen til ein god fotballdag i Stryn.

Sportsleg helsing

Nils-Petter Hauge

Styreleiar



Fair Play-turnering

Nordfjord Fotballcup ynskjer å framstå som ei Fair Play-turnering. Fair Play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre. Det handlar om å spele eit ærleg spel både på og utanfor bana. Ynskje om Fair Play omfattar spelarar, trenarar, leiarar, dommarar, foreldre; kort sagt alle som er involvert i turneringa på ein eller annan måte.



Fair Play handlar om å vise gode haldningar slik at ALLE føler seg inkludert og respektert. Fotball er ein lagidrett der det handlar om å løyse oppgåver i fellesskap. At kvar spelar kjenner at dei er ein del av dette fellesskapet er grunnleggande for trivsel og meistringssglede.

På Nordfjord Fotballcup skal Fair Play synleggjera ved at vi har Fair Play-kampvertar som skal sikre at turneringa gjennomførast i rette Fair Play-ånd, både på og utanfor bana. Kampvertane skal vere kledd i gule vestar merka "Fair Play Kampvert".

Som eit ledd i fokus på Fair Play ynskjer vi å trekke fram og premiere eit lag som fortener Fair Play-prisen. Dommarane på turneringa vil ha ei viktig rolle i jobben med å finne det laget som utmerker seg spesielt i forhold til Fair Play.

Å vere ein god supporter er også ein viktig del av Fair Play-arbeidet. Å støtte laget sitt/ spelarane sine i medgang og motgang er ei viktig oppgåve for ein supporter. Supporterar er ein viktig del av turneringa, og vi ynskjer at supporterane skal vere med på å skape god stemning og ei fin ramme rundt kvar einaste kamp på turneringa. Difor vil vi dele ut Supporterpris til det laget som har supporterar som utmerkar seg på turneringa som positive, engasjerte og stemningskapande.

Fair Play-kampvertane vil vere viktige i arbeidet med å finne kandidatar både til Supporter prisen og Fair Play prisen.



Premiering

Premiering og premieutdeling er ein viktig del av Nordfjord Fotballcup. Difor har vi valt å ha felles premieutdeling på slutten av turneringa på laurdag.

Vi ynskjer å skape ei fin ramme rundt premieutdelinga for å gjere litt ekstra stas på spelarane/ laga. Det å skape ei stemning som gjer at kvar enkelt føler at dei blir sett og verdsett, vil vere med på å gje gode minner frå Nordfjord Fotballcup.

Laurdag 14. august er det premie til alle deltarane, i tillegg til utdeling av Fair Play-prisen og Supporterprisen.

Søndag 15. august vert det premie til alle lag. I tillegg skal det delast ut Fair Play-prisen og Supporterprisen.

Søndag har vi delt inn premieutdelinga i tre på grunn av at laga som er ferdige å spele skal sleppe å vente så lenge før dei får reise heim. Premieutdeling vert rett etter kampslutt i kvar plasseringskamp.
Utdeling av Fair Play-prisen til beste lag og Supporterpris vert ca. kl. 18.15.



VIKTIGE TELEFONNUMMER

Legevakt Stryn 57 87 69 90
Ambulanse 113
Brann 110
Politi 112
Drosje 57 87 23 50



Arrangementskomité Nordfjord Fotballcup

Turneringsleiar	Evy Mariann Rossetvik	97 59 78 64
Assisterande turneringsleiar	Inge Matias Tvinnereim	99 38 74 41
Sportsleg ansvarleg	Terje Walaker	41 62 11 30
Sekretariat	Olav Auflém	41 46 50 56
Økonomi/ sponsor	Nils Petter Hauge	48 99 72 58
Marknadsføring/ premiering	Monica Halsteinslid	41 68 40 66
Speaker/aktivitetar	Torstein Tvinnereim	91 71 34 22
Logistikk	Jostein Bøe	48 08 33 33
Bevertnings/ kiosk	Ragnhild Gjervik	97 10 70 78

Aktivitetar og tidsprogram for Nordfjord Fotballcup

Laurdag 14. august 2010

Kl.10.00 - Sekretariat opnar
Kl.10.00 - Kiosk opnar
Kl. 10.00 - G-Sport sitt salstelt opnar for dagen
Kl. 10.45 - Opning av Nordfjord Fotballcup-turnering for 11/ 12 år
Kl. 11.00 - Kampane startar
Kl. 12.00 - Grilling frå kl. 12.00 og utover dagen
Kl. 13:15 – 14.45 - Aktivitetar/ underhaldning
Kl. 16.15 - Felles premieutdeling til alle deltagarane

- Utdeling av Fair Play-prisen til beste lag
- Utdeling av Supporterprisen til beste lag

Kl. 17.00 – Turneringa avslutta for 11 og 12 år

Søndag 15. august 2010

Kl. 09.00 - Sekretariat opnar
Kl. 09.00 - Kiosken opnar
Kl. 09.30 - G-Sport sitt salstelt opnar for dagen
Kl. 10.00 - Opning av Nordfjord Fotballcup-turnering for 13/ 14 år
Kl. 10.15 – Kampane startar
Kl. 11.00 – Grilling frå kl. 11. 00 og utover
Kl. 14.00 – 16.00 – Aktivitetar/ underhaldning
Kl. 16.00 – Sluttspel startar.
Kl. 16.40 – Premieutdeling gutar 5. – 8. plass
Kl. 17.25 – Premieutdeling jenter
Kl. 18.10 – Premieutdeling gutar 1. – 4. plass

- Utdeling av Fair Play-prisen og Supporterprisen til beste lag

Kl. 18.30 – Turneringa slutt for i år

Banekart

BANEKART 7-ER FOTBALL NORDFJORD FOTBALLCUP
STRYN STADIONANLEGG

NORDFJORD



SparebankenVest

NORDFJORD

NorDrikk

SPORT UMBRO

TENDEN CONTAINER
OG GLENNVNING AS

Olav
Tenden
Transport

BYGGtorget
STRYN TRELAST

BYGGMAKKER
Sølvberg

DOORIA
Skandrevake dører

expert

sole

Svareberg

BUNNPRIS

FluorLux®

HAGEN

KAFETRIKA
KAFETRIKA

PRETRE

MILAN

Stavne & Mataker AS

NORD

FJORDINGEN

STRYVO

BANEKART 11-ER FOTBALL NORDFJORD FOTBALLCUP
STRYN STADIONANLEGG

NORDFJORD



SparebankenVest

NORDFJORD

NorDrikk

SPORT UMBRO



TENDEN CONTAINER
OG GJENVINNING AS

Olov
Tenden
Transport



BYGGtorget
STRYN TRELAST



BYGGMAKKER
Sølvberg



DOORIA®
Skandinaviske dører

expert

Sportstar

Søvberg

BUNNPRIS

FluorLux®

HAGEN

KAFETERIA
GODT MAT OG DRØMME

PRETRE

Nordfjord

Stortøn & Matkær AS



FJORDINGEN

STRYVO

Reglement Nordfjord Fotballcup



Reglement:

Nordfjord Fotballcup spelast etter SFFK og NFF sitt regelverk med følgjande presiseringar:

Speleberettigelse:

Alle spelarar må vere speleberettiga for den klubben dei representerer i denne cupen.

Overårige:

Med overårige meinast spelarar som er eit år for gamle. Det er berre lag som i seriesystemet har dispensasjon frå eigen krets, som kan nytte overårige spelarane under Nordfjord Fotballcup.

Dispensasjon med namn på overårige spelarar skal leverast inn til sekretariatet før turneringsstart.

Følgjande reglar gjeld for dei som har dispensasjon for overårige spelarar:

11er fotball: Berre 2 overårige spelarar på bana samtidig

7er fotball: Berre 1 overårig spelar på bana

Felles speleregler 7er og 11er fotball:

- Speletid: 2 x 20 minutt utan pause.
- Alle lag pliktar å stille ferdig ombytt ved kampbana seinast 5 min. før kampstart.
- Lag som ikkje møter til kamp utan særskild grunn taper kampen. Resultatet vert sett til 0-0.
- Dersom det føreligg ei god grunngjeving for forsinking, må sekretariatet kontaktast på førehand.
- Juryen tek standpunkt til kva som er særskild grunn ved manglande frammøte
- Ein spelar kan berre delta på eit og same lag i same klasse. Dersom ein melder på 2 lag i f.eks. J11/12, kan ein spelar ikkje spele for begge laga.
- Utvist spelar skal automatisk stå over neste kamp. Dommar sender kamprapport til sekretariatet etter kampslutt. Juryen kan utvide sanksjon mot utvist spelar. Laget sin lagsleiar blir i så fall informert av sekretariatet om kor mange kampar spelar må stå over.
- Det skal nyttast ballstørrelse nr. 4

Særskilde speleregler 7er fotball:

- Ved start av spel etter scoring og ved frispark må motspelar vere min. 5 meter frå ballen.
- Ved målkast (målspark) og frigjering av ball etter redning har keeper berre lov å kaste ut ballen.
- Ved målkast og frigjering av ball etter redning har keeper ikkje lov å kaste ballen over midten.
- For 11- og 12-åringar vert det gruppespel (ikkje cupspel).

Særskilde speleregler 11er fotball:

- Ved spelets gang gjeld SFFK og NFF's regelverk for 11-ar fotball
- Det spelast innleiande gruppespel og sluttspel etter cup-prinsippet.
- Innleiande kampar spelast som seriesystem med 3 poeng for seier, 1 poeng for uavgjort og 0 poeng for tapt kamp.
- Ved lik poengsum i sluttabel i innleiande gruppespel vert innbyrdes rekkefølge avgjort slik:
1. Målforskjell - 2. Antal scora mål - 3. Cornere - 4. Innbyrdes oppgjer - 5. Loddtrekning
- Ved uavgjort i cup-spelet til og med semifinaler, vinn det laget som har flest cornerar. Ved framleis uavgjort blir det loddtrekning.
- Ved uavgjort i finalar, spelast det ekstraomgangar på 2 x 5 minutt. Er det framleis uavgjort, vinn det laget som har flest cornerar for heile kamptida. Ved også likt antal cornerar, blir det kåra 2 vinnarar.

Loddtrekning:

Loddtrekning skal utførast av dommar og dei involverte lag sine kapteinar. Resultatet skal rapporterast til sekretariatet.

Dommarar:

Det skal nyttast godkjente dommarar. Desse vert sett opp av arrangør.

**Protestar:**

Eventuelle protestar skal leverast skriftleg til sekretariatet seinast 15 minutt etter kampslutt. Ved levering av protest skal det betalast eit protestgebyr på kr. 400,-. Gebyret vert tilbakebetalt dersom protesten vert imøtekomen. Protesten skal behandlast av turneringa sin jury. Juryen si avgjerd kan ikkje ankast.

Jury:

Det blir nedsett ein jury av arrangøren før turneringsstart. Juryen vil bestå av 3 medlemmar. Alle avgjersler fatta av juryen er endelege og kan ikkje ankast.

Klasseinndeling:

- G11 -gutar 11 år (fødde 1999)
- G12 -gutar 12 år (fødde 1998)
- J11/12 -jenter 11 og 12 år (fødde 1998 og 1999)
- G13/14 -gutar 13 og 14 år (fødde 1996 og 1997)
- J13/14 -jenter 13 og 14 år (fødde 1996 og 1997)

Aktivitetar under turneringa:

Både laurdag og søndag er det lagt inn aktivitetspause for laga. Her vil utøvarane mellom anna få tilbod om å delta på:

- Innkastkonkurranse
- Elektronisk sprintkonkurranse (20 eller 40 m)
- Skotkonkurranse
- Triksekonkurranse

På stadion finn ein også skatepark og BMX-bane til fri bruk.



Kampoppsett laurdag 14. august



Klokka	Klasse	Kamp	Bane
11.00:	Gutar 12	Olden – Hornindal	Bane 1
11.00:	Gutar 12	Førde 2 – Stryn 2	Bane 2
11.00:	Gutar 12	Stryn 1 – Heia	Bane 3
11.00:	Jente 11/12	Hornindal - Stryn 1	Bane 4
11.45:	Gutar 11	Blindheim 2 – Ørsta 2	Bane 1
11.45:	Gutar 11	Ørsta 1 – Blindheim 1	Bane 2
11.45:	Gutar 11	Sogndal 2 – Veten / Hardbagg	Bane 3
11.45:	Gutar 11	Blindheim 3 – Stryn 2	Bane 4
11.45:	Gutar 11	Sogndal 1 - Stryn 1	Bane 5
12.30:	Gutar 12	Stryn 2 – Hornindal	Bane 1
12.30:	Gutar 12	Stryn 1 – Førde 2	Bane 2
12.30:	Gutar 12	Skavøypoll – Olden	Bane 3
12.30:	Jente 11/12	Stryn 2 – Hornindal	Bane 4
13.15:	Gutar 11	Veten /Hardbagg – Ørsta 2	Bane 1
13.15:	Gutar 11	Blindheim 3 - Sogndal 2	Bane 2
13.15:	Gutar 11	Ørsta 1 – Sogndal 1	Bane 3
13.15:	Gutar 11	Blindheim 1 – Stryn 1	Bane 4
13.15:	Gutar 11	Blindheim 2 – Stryn 2	Bane 5
13:15		Pause med aktivitetar G 12 og J 11/12	Krøllgrasbane
14:00		Pause med aktivitetar G 11	Krøllgrasbane
14:00	J 11/12	Stryn 1 - Hornindal	Bane 1
14:00	G 12	Heia – Førde 2	Bane 2
14:00	G 12	Skavøypoll – Stryn 1	Bane 3
14:45	G 11	Blindheim 1 – Sogndal 1	Bane 1
14:45	G 11	Stryn 1 – Ørsta 1	Bane 2
14:45	G 11	Sogndal 2 - Blindheim 2	Bane 3
14:45	G 11	Ørsta 2 – Stryn 2	Bane 4
14:45	G 11	Blindheim 3 – Veten/ Hardbagg	Bane 5
15:30	Jente 11/12	Hornindal - Stryn 2	Bane 1
15:30	Gutar 12	Heia - Skavøypoll	Bane 2
15:30	Gutar 12	Stryn 2 – Olden	Bane 3
15:30	Gutar 12	Førde 2 – Hornindal	Bane 4
16.15:		Premieutdeling / Slutt	

Kampoppsett søndag 15. august



G 13/14 – Pulje 1

Hornindal

Sykylven

Stryn 1

Fitjar

G 13/14 – Pulje 2

Stryn 2

Vestnes Varfjell

Førde 4

Skodje

Jenter 13/14

Stryn 1

Stryn 2

Stordal

Sandane

Klokka	Klasse	Pulje	Lag	Bane
10:15	Gutar 13/14	Pulje 1	Hornindal – Stryn 1	Bane 1
10:15	Gutar 13/14	Pulje 1	Sykylven – Fitjar	Bane 2
10:15	Gutar 13/14	Pulje 2	Førde 4 - Stryn 2	Bane 3
11:00	Jenter 13/14		Stryn 1 – Stryn 2	Bane 1
11:00	Jenter 13/14		Stordal – Sandane	Bane 2
11:00	Gutar 13/14	Pulje 2	Vestnes Varfjell – Skodje	Bane 3
11:45	Gutar 13/14	Pulje 1	Fitjar – Hornindal	Bane 2
11:45	Gutar 13/14	Pulje 1	Stryn 1 - Sykylven	Bane 3
12:30	Gutar 13/14	Pulje 2	Skodje – Stryn 2	Bane 1
12:30	Jenter 13/14		Stryn 2 – Stordal	Bane 2
12:30	Jenter 13/14		Sandane – Stryn 1	Bane 3
13:15	Gutar 13/14	Pulje 2	Vestnes Varfjell – Førde 4	Bane 1
13:15	Gutar 13/14	Pulje 1	Sykylven – Hornindal	Bane 2
13:15	Gutar 13/14	Pulje 1	Stryn 1 – Fitjar	Bane 3
14:00	Jenter 13/14		Stryn 2 – Sandane	Bane 2
14:00	Jenter 13/14		Stordal – Stryn 1	Bane 3
14:45	Gutar 13/14	Pulje 2	Skodje – Førde 4	Bane 2
14:45	Gutar 13/14	Pulje 2	Stryn 2 – Vestnes Varfjell	Bane 3
14:00 – 16:00	Aktivitetar			
SLUTTSPEL:				
16:00	Spel om 7. plass		Nr. 4 pulje 1 – Nr. 4 pulje 2	Bane 3
16:00	Spel om 5.plass		Nr. 3 pulje 1 – Nr. 3 pulje 2	Bane 2
16:40	Premieutdeling 5. – 8. plass gutter			
16:45	Bronsefinale Jenter		Nr. 3 – Nr. 4	Bane 3
16:45	Finale Jenter		Nr. 1 – Nr. 2	Bane 2
17:25	Premieutdeling Jenter			
17:30	Bronsefinale Gutar		Nr. 2 pulje 1 – Nr. 2 pulje 2	Bane 3
17:30	Finale Gutar		Nr. 1 pulje 1 – Nr. 1 pulje 2	Bane 2
18:10	Premieutdeling 1. - 4 .plass gutter			

Notatside

NORDFJORD
- FOTBALLCUP





**Stryn Fotball takkar alle lag, utøvarar, leiarar, trenrarar,
sponsorar og funksjonærar for innsatsen
under Nordfjord Fotballcup!**



Hjarteleg velkomne attende i 2011!

Sportslege arrangement i Stryn Fotball sin regi:

Januar-mars:

Teknikkskule for alderstrinna 6 – 16 år

Mai:

G-Sport/Umbro-Cup for klassane 7-10 år.

August:

Proffveka i Stryn for alderstrinna 13-16 år
Nordfjord Fotballcup for klassane 11 – 14 år.

Oktober:

Fjordingen Fotballskule(i haustferien) for alderstrinna 7-14 år

For meir informasjon, følg med på www.stryn-fotball.com



72 stk av fylket sine største talent samla til Proffveka i Stryn 9-13.august 2010



SparebankenVest

NORDFJORD

NorDrikk

